



## Viktig informasjon frå Den norske kyrkja

Dette brevet vert sendt til deg som er mellom 15 og 18 år og er registrert som tilhøyrig i Den norske kyrkja.

Tilhøyrigordninga vert avslutta 1. januar 2021, og dette betyr at du vert sletta frå kyrkja sitt medlemsregister.

Uansett kven du er, om du er nysgjerrig eller vil utforske tru og tvil, har kyrkja alltid rom for deg. Ved å bli døypt vert du medlem i kyrkja.

**Les meir om dåp i kyrkja og ulike tilbod på [kirken.no/ung](http://kirken.no/ung).**



**DEN NORSKE KYRKJA**

# Difor får du dette brevet

Du har stått som tilhøyrig i Den norske kyrkja fordi du har minst ein forelder eller foresatt som er registrert som medlem. Kyrkjelova har pålagt kyrkja å registrere desse borna som tilhøyrige. Tilhøyrigordninga og andre spørsmål kan du lese meir om på [kyrkja.no/brev](https://kyrkja.no/brev).

1. januar 2021 vert kyrkjelova erstatta av ei ny lov om trus- og livssynssamfunn. Då vert den lovpålagde tilhøyrigordninga avslutta. Ynskjer du å vite meir om dåp, tilbod for unge og kva som skjer i kyrkja der du bur, kan du lese om det på [kyrkja.no/ung](https://kyrkja.no/ung).

[Eg vil vite meir](#)



Les du digitalt? Klikk på knappen!  
Fått brevet i posten? Gå på [kyrkja.no/ung](https://kyrkja.no/ung).



## Nysgjerrig på kyrkja?

I kyrkja kan du verte kjent med den kristne trua.

Vil du ha nokon å snakke med?  
Det er gratis, og dei tilsette i kyrkja har teieplikt.

## Lyst til å bli medlem?

I kyrkja vert du ein del av eit stort fellesskap. Du vert medlem ved å verte døypt. Det skjer etter avtale med kyrkja der du bur. Både born, unge og vaksne er velkomne til dåp. Ta kontakt med kyrkja om du vil vite meir.

**[Les meir på kyrkja.no/ung](https://kyrkja.no/ung)**



# Rom for deg



DEN NORSKE KYRKJA

**Den norske kyrkja og personvern.** Den norske kyrkja er oppteken av personvern. Les meir om kyrkja sitt arbeid med personopplysingar på [kyrkja.no/personvern](https://kyrkja.no/personvern).

**Dersom du er døypt og likevel får dette brevet,** kan du vere feilregistrert i vårt medlemsregister. For å ha eit oppdatert og korrekt medlemsregister er det difor viktig at du tek kontakt på [kyrkja.no/edialog](https://kyrkja.no/edialog).

**Har du andre spørsmål?** Ta gjerne kontakt på [eDialog](https://kyrkja.no/edialog) eller send ei melding til Instagram-profilen til Den norske kyrkja, [@den\\_norske\\_kirke](https://www.instagram.com/den_norske_kirke).

Alle foto har fri bruksløyve i Den norske kyrkja.

Fotografar: Hedvig Antoinette Halgunset, Sveinung Bråthen og Bo Mathisen